

Arkeologisk registrering

2017/8211

Rv 111 Hafslund-Dondern

Sarpsborg kommune


Jan Berge 2018-19



RAPPORT FRÅ ARKEOLOGISK REGISTRERING

Kommune:	Sarpsborg		
Gardsnamn:	Hafslund		
Gnr./bnr.:	1047/3		
Høgde over havet:	51-53 moh		
Oppdragsgjevar:	Statens vegvesen Region øst		
Adresse:	Postboks 1010 Nordre Ål		
	2605 Lillehammer		
Namn på sak:	Utvidelse Rv 111 Hafslund – Dondern i Sarpsborg		
Saksnummer:	2017/8211		
Registreringsperiode:	August 2018	Ved:	Jan Berge
FAGLEGE KONKLUSJONAR:	ASKELADDEN ID:		
<input type="checkbox"/>	Ingen funn:		
<input checked="" type="checkbox"/>	Funn av automatisk freda kulturminne:	242354	
<input type="checkbox"/>	Lausfunn – ikkje automatisk freda:		
<input type="checkbox"/>	Forenkla dispensasjon – utgraven:		
<input checked="" type="checkbox"/>	Frå før kjente kulturminne:	15631	
Stikkord:	Kokegroper, stolpehol, kulturlag, keramikk, flint – bronsealder/jernalder.		

Framsida: Planområdet sett mot søraust. Sjakt 2 nærast. Foto: Jan Berge, 22.08.18.



Figur 1. Plasseringa av planområdet i Sarpsborg k. Kjelde: Norgeskart.

BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA

Statens vegvesen har starta arbeidet med reguleringsplan for utviding av riksveg 111 frå 2 til 4 felt på strekninga riksveg 111/fylkesveg 581 – rundkøyinga ved Hafslund skule – og til riksveg 111/fylkesveg 118 – rundkøyinga ved Dondern. Mykje av dette er allereie utbygd område, men i vestre del av traseen – nord for Hafslund skule – stikk ein bit av eit jorde inn i planområdet. Her er det frå før kjent til fleire lausfunn av flint gjort i pløgslelaget opp gjennom åra, noko som indikerer førhistorisk verksemd. Ut i frå denne kunnskapen og området topografi, fann fylkeskommunen det naudsynt med ei arkeologisk registrering i området før det kunne gjevast ei endeleg fråsegn i saka jf. kulturminnelovas § 9.



OMRÅDESKILDRING


Planområdet ligg rett søraust for Sarpsborg sentrum. Det undersøkte partiet er del av eit jorde som ligg nordaust for rundkøyinga ved Hafslund skule. Det er nokolunde flatt, men skrånar svakt mot nord.

KULTURMINNE I NÆROMRÅDET

Av dei kjente fornminna i rett nærleik er det helst gravminne, helleristningar og lausfunn av flintartefakter som dominerer funnbiletet. Ein god del av desse er no berre minne, dei fysiske spora er borte for godt etter utbygging av byggefelt og infrastruktur.

KULTURMINNE I NÆROMRÅDET	
Askeladden ID:	Kulturminnetype:
15631	Hafslund - Funnområde for steinaldermateriale.
31014	Lerkerød - Gravhaug.
31018	Lerkerød - Gravfelt med haug, røys og steinlegging.

40572	<i>Kongshøyden</i> – to naturlege haugar tidlegare oppfatta som gravhaugar.
50693	<i>Hafslund</i> – Gravhaug.
62301	<i>Hafslund Skole</i> – Gravhaug.
72746	<i>Hafslund</i> – Funnområde for steinaldermateriale.
72747	<i>Hafslund</i> – Funnområde for steinaldermateriale.
78795	<i>Hafslundparken</i> – Gravfelt med minst 15 rundhaugar.
84460	<i>Hafslund kapell</i> – Forsamlingshus for Hafslund arbeidarforeining frå 1870.
86075	<i>Hafslund</i> – Herregardsanlegg.
86076	<i>Hafslund vokterbolig</i> – Østfoldbanen – Vaktarbustad frå 1881.
129048	<i>Rolighetsveien 40</i> – Funnstad for to tynnakka flintøkser.
142076	<i>Hafslund lærerbolig</i> – Funnstad for flintdepot med 6 sigdar og ei øks.
143847	<i>Hafslund 7</i> – Helleristningsfelt.
149431	<i>Hafslund</i> – Funnområde for steinaldermateriale.
157876	<i>Hafslund/Løsfunn</i> – 2012 – Funnområde for steinaldermateriale.
157879	<i>Hafslund/Løsfunn</i> – 2012 – Funnområde for steinaldermateriale.
157924	<i>Holtet/Løsfunn</i> – 2012 – Funnområde for steinaldermateriale.
242354	<i>Rv 111 Hafslund 2018</i> – Busetnad- og aktivitetsområde frå bronsealder-eldre jernalder.



Figur 3. Nærliggande kulturminne. Kjelde: Askeladden.

METODE & PERSONELL

På denne undersøkinga vart maskinell flateavdekking nytta som registreringsmetode. Dette er den vanlegaste metoden arkeologane nyttar på dyrka mark. Vi opnar opp sjakter på om lag 3 m breidde med gravemaskin med flatt skjer på grabben og fjernar matjordlaget til vi kjem ned til undergrunnen. Denne vert reinsa fram med krafse og graveskei etter kvart der dette er naudsynt, og eventuelle førhistoriske strukturar som kokegroper, stolpehol, graver etc. vil vise seg som fyllskifte i undergrunnen.

Som dokumentasjon vart det teke digitale foto, samt sjaktene vart målt inn med CPOS RTK 3D-FIX oppløysing. Kartgrunnlag for innmålingane er WGS84_UTM32N.

DELTAKARAR OG TIDSROM

Med på denne undersøkinga var feltarkeolog Jan Berge frå Østfold fylkeskommune. Maskinførar var Torbjørn Hystad frå Erling Grimsrud AS.

Feltarbeidet vart utført i august 2018.

Figur 4. Maskinell flateavdekking – sjakt 2. Kokegropa A15 i forgrunnen. Mot aust-søraust. Foto: Jan Berge, 22.08.18.



UNDERSØKINGA

Området eg hadde å boltre meg på var ganske avgrensa i utstrekning - rundt 100 meter frå grusparkeringa ved Nordbyveien til parkeringa ved Hafslund Dekksenter, og rundt 25 meter frå Hafslundveien og ut på jordet. Eg hadde ikkje fått nokre filer som viste avgrensinga og det var ikkje sett ut markeringspinnar, så skrittemetoden vart vegen å halde seg nokolunde i vater m.o.t. tiltaksgrensa.

Eg starta sjaktinga langs Hafslundveien, frå aust mot vest. Det dukka opp ei grop og nokre stolpehol rimeleg raskt, men i mengd var det ganske avgrensa. 50 meter nedetter sjakta kom eg over ei større grop, og det var siste strukturen i sjakt 1. I dette området byrjar terrenget å helle nedetter mot vest. I austre del av sjakta, der stolpehola ligg, er undergrunnen guloransje fin og tørr sand. Vest for gropa A6, der terrenget no har blitt ein liten etasje lågare, er undergrunnen gråspetta myrsand og med ditto svart torvmasse over. Her vert det heilt flatt. Dette har openbart vore eit fuktig område, så det er på ingen måte overraskande at det ikkje var funn i denne delen av sjakta. I skråninga som skil den «våte»

gråspetta undergrunnen frå den tørre guloransje fine sanden ligg det eit førhistorisk kulturlag. Det er ganske tynt og svakt i sjakta, og viser seg mest som ein skugge eller flekkar med kulturmasse gudd ned i undergrunnen.

Figur 5. Sjakt 1 med A6 markert. Mot aust. Kjelde: Jan Berge, 23.08.18.



Figur 6. Sjakt 1 med A1-5 markert. Mot vest-nordvest. Foto: Jan Berge, 23.08.18.

Dei neste sjaktene vart lagt nordover og parallelt med sjakt 1 ut på jordet til eg kom nokolunde ut dit eg hadde skritta. Trenden var like eins over heile fjøla. Stolpehol, groper og eit par kokegroper ligg på

den tørre, guloransje sanden i aust, medan den gråspetta myrsanden i vest ikkje har funn. Eg kutta ned lengda på sjaktene etter kvart som eg skjønnte teikninga.




Kulturlaget frå sjakt 1 viser seg også i dei andre sjaktene og er no tjukkare og meir tydeleg. Det er ardsplor i undergrunnen under kulturlaget, så det er tydeleg at det er forhistorisk dyrking vi ser restane av. Kulturlaget fylgjer skråninga mot nordaust – langs høgdekontene. I overgangen mellom den

guloransje undergrunnen og den grå myrsanda i sjakt 2 ligg ei stor kokegrop, som ut i frå det eg kan observere må vere yngre enn kulturlaget.

Figur 9. Ardspor i undergrunnen sjakt 2. Mot nordaust. Foto: Jan Berge, 22.08.18.



Figur 10. Kulturlaget sett i profil sjakt 2. Mot nord-nordaust. Foto: Jan Berge, 22.08.18.



Figur 11. Kokegropa A15 i sjakt 2. Denne ligg i overgangen mellom den tørre guloransje og den meir gråspetta sanda i det fuktprega området nedanfor. Vi ser restar av ardspor i gråsanda rundt. Mot nordvest. Foto: Jan Berge, 22.08.18.

Av einssilde strukturar sat eg til slutt att med 35 stolpehol, 6 groper og 2 kokegroper. I tillegg 3 flintavslag og 1 keramikkskår.

Det vart teke ut tre kolprøver for radiologisk datering. Stolpeholet A2 aust i sjakt 1 og kokegropa A15 vest i funnområdet i sjakt 2 er frå overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder. Vi

har ganske mange dateringar av busetnadsspor frå dette tidsrommet i Østfold. Stolpeholet A41 heilt aust i sjakt 5 viste seg å vere noko eldre og hamna attende til eldre bronsealder. Dateringa her vart gjort på brent korn, som det fantes ein del av i dette stolpeholet. Dette er heller ikkje ei uvanleg datering frå Østfold.





Figur 12 og 13. A2 stolpehol, plan og profil. Mot nord-nordaust. Foto: Jan Berge, 23.08.18.




Figur 14. Stolpehola A39 og 40 i sjakt 4. Mot sør. Foto: Jan Berge, 23.08.18.

Tydelegvis har det vore jordbruksaktivitet og eit gardsanlegg i dette området over lang tid. I utstrekning har det truleg gått lengre sør og aust - der det no er utbygd – og litt til mot nord utanfor vårt undersøkingsområde.



Figur 17. Sjakt 4 med A24-33 markert. Mot vest-nordvest. Foto: Jan Berge, 23.08.18.




Figur 18. Sjakt 4 med A34-40 markert. Mot aust-søraust. Foto: Jan Berge, 23.08.18.





Figur 19. Funnområdet sett mot sørvest. Kjelde: Google Maps.



Figur 20. Nærområdet i 1938. Truleg eit større funnpotensiale då. Kjelde: Askeladden.

Figur 21. Lausfunn av keramikk og flint. Foto: Jan Berge, 01.02.19.



SARPSBORG 04.02 2019

JAN BERGE

Arkeolog

VEDLEGG

VEDLEGG 1 ANLEGGSLISTE					
Anr:	Sjakt:	Lok:	Type:	Skildring:	Mål: (cm)
1	1	242354	Grop	Uformeleg, ukjent funksjon. Kulturlagsrest? Mørk gråbrun humushaldig sand med spreidde trekolbitar og litt skjørbrent stein. Foto mot ASA.	100x>100
2	1	242354	Stolpehol	Sirkulær. Mørk gråbrun humushaldig sand, spreidd trekol. Like mørk nedetter i heile profilen. Foto NNA. F3 ¹⁴ C-prøve (750-405 f. Kr.).	25x25x30
3	1	242354	Stolpehol	Lik A2.	26x25
4	1	242354	Stolpehol	Lik A2.	30x30
5	1	242354	Stolpehol	Oval. Gråbrun humushaldig sand med spreidd trekol. Foto mot S.	42x34
6	1	242354	Grop	Oval. Mørk gråbrun humushaldig sand med spreidde trekolbitar. Foto mot N. F4 ¹⁴ C-prøve.	230x160
7	2	242354	Stolpehol	Lik A2. F6 flint, under opprens.	33x33
8	2	242354	Stolpehol	Lik A2.	25x25
9	2	242354	Stolpehol	Lik A2. Mykje trekol.	30x30
10	2	242354	Kokegrop	Sirkulær. Mykje skjørbrent stein, men lite trekol å sjå i overflata.	75x75
11	2	242354	Grop	Gråbrun humushaldig sand med trekolbitar.	100x>37
12	2	242354	Stolpehol	Lik A2.	36x34
13	2	242354	Stolpehol	Oval. Lik A2. F1 keramikk, under opprens.	49x39
14	1,2,4,5	242354	Kulturlag	Ligg i skråninga mellom flata på toppen i vest og myra på flata nede i vest. På det tjukkaste er laget ca. 10 cm. Ardspor og flekkar gnudd ned i undergrunnen. Mørk gråbrun humus med spreidde trekolbitar.	>3300x3100x10
15	2	242354	Kokegrop	Oval. Mykje skjørbrent stein og trekol. Gropa har kutta seg ned i kulturlaget og ardspora, så openbart er den yngre enn kulturlaget. Foto mot A. F5 ¹⁴ C-prøve (774-434 f. Kr.).	190x150
16	3	242354	Stolpehol	Lik A2.	45x40
17	3	242354	Stolpehol	Lik A2.	40x37
18	3	242354	Stolpehol	Lik A2.	29x26
19	3	242354	Grop	Oval. Mørk gråbrun humushaldig sand med spreidde trekolbitar.	110x54
20	3	242354	Stolpehol	Lik A2.	45x45
21	3	242354	Stolpehol	Oval. Ljosare i fargen enn A2.	50x44
22	3	242354	Stolpehol	Oval. Mørk gråbrun humushaldig sand med noko meir trekol, ein stein og litt brent bein. Foto mot N.	60x50
23	3	242354	Stolpehol	Lik A2.	37x35
24	4	244254	Grop	Oval uformeleg. Eldstad? Gråbrun humushaldig sand med trekolbitar.	145x95
25	4	242354	Stolpehol	Oval. Gråbrun humus sand med ljósare grå flekkar og spreidde trekolbitar.	45x35
26	4	242354	Stolpehol	Lik A25.	65x50
27	4	242354	Stolpehol	Lik A25.	45x37
28	4	242354	Stolpehol	Lik A25.	35x30
29	4	242354	Stolpehol	Sirkulær. Lik A25.	60x60
30	4	242354	Stolpehol	Sirkulær. Lik A25.	20x20
31	4	242354	Stolpehol	Sirkulær. Lik A25, men òg med skoningsstein.	45x40
32	4	242354	Stolpehol	Sirkulær. Lik A25.	30x30
33	4	242354	Stolpehol	Sirkulær. Lik A25 + litt brente bein.	50x50
34	4	242354	Grop	Oval. Mørk gråbrun humus sand med spreidde trekolbitar. Kulturlagsrest? F7 flint.	95x75
35	4	242354	Stolpehol	Sirkulær. Mørk gråbrun humus sand med spreidde trekolbitar.	55x50
36	4	242354	Stolpehol	Lik A35.	50x45
37	4	242354	Stolpehol	Lik A35.	55x50
38	4	242354	Stolpehol	Dobbeltstolpe? Lik A35.	130x>30
39	4	242354	Stolpehol	Lik A35, men med skoningsstein og meir trekol.	30x30
40	4	242354	Stolpehol	Lik A39. F8 ¹⁴ C-prøve.	30x30

41	5	242354	Stolpehol	Oval. Svartgrå humushaldig sand, ein del trekol og brente korn. F9 ¹⁴ C-prøve (1386-1128 f. Kr.).	66x55
42	5	242354	Stolpehol	Sirkulær. Mørk gråbrun humus sand, trekol og skjørbrent stein.	60x55
43	5	242354	Stolpehol	Oval. Gråbrun humushaldig sand, skoningsstein.	48x37
44	5	242354	Stolpehol	Gråbrun humushaldig sand, ein del trekol.	45x32

VEDLEGG 2 FUNNLISTE

F.nr:	Lok:	A/S/P-nr:	Skildring/kontekst:	Dato/init.
1	242354	A13/S2	1 skår av grovmagra keramikk, funne under opprens.	22.08.18/JB
2	242354	S2	1 avslag av flint, funne under opprens av ein kulturlagsflekk.	22.08.18/JB
3	242354	A2	¹⁴ C-prøve (750-405 f. Kr.).	23.08.18/JB
4	242354	A6	¹⁴ C-prøve.	23.08.18/JB
5	242354	A15	¹⁴ C-prøve (774-434 f. Kr.).	23.08.18/JB
6	242354	A7/S2	1 avslag av flint, funne under opprens.	23.08.18/JB
7	242354	A34/S4	1 avslag av flint, funne under opprens.	23.08.18/JB
8	242354	A40	¹⁴ C-prøve.	23.08.18/JB
9	242354	A41	¹⁴ C-prøve (1386-1128 f. Kr.).	23.08.18/JB

VEDLEGG 3 SJAKTLISTE

Nr:	Skildring:
1	I aust - høgastliggende delen – er undergrunnen fin, guloransje sand. Terrenget skrånar svakt ned mot vest og undergrunnen går over til gråspetta myrsand og med ditto svart torvmasse over. I den guloransje sanden er det – utanom anleggsspor – ymse flekkar av kulturmasse gnudd ned i undergrunnen.
2	Lik S1.
3	Fin, guloransje sand.
4	Lik S1.
5	Lik S1.
6	Gråspetta myrsand lik vestre del av S1.
7	Lik S6.

Vedlegg 4: Vedartsanalyse

Wentorf, den 13. desember 2018
RV111.Berge.dec2018

Vedanatomisk analyse af 3 trækulsprøver fra RV 111, Østfold.

Indsendt af Jan Berge, Østfold fylkeskommune.
Der er okker i alle prøver.

Prøve 10, F3 A2:

Ca. 4 ml kul.

5 stk. = stikprøve, analyseret med følgende resultat:

1 stk. *Pinus silvestris*, furu, fra yngre stamme.

1 stk. *Betula sp.*, bjørk, fra yngre stamme.

3 stk. *Quercus sp.*, eik, fra stammer.

C-14-prøve: 1 stk. *Betula sp.*, bjørk, med ca. 5 årringe, max. 40 år fra bark.

Prøve 11, F5 A15:

Ca. 25 ml kul.

5 stk. = stikprøve, analyseret med følgende resultat:

5 stk. *Populus tremula*, osp, fra yngre stammer.

C-14-prøve: 1 stk. *Populus tremula*, osp, med ca. 5 årringe, max. 40 år fra bark.

Prøve 12, F9 A41:

Ca. 5 ml kul. Mange korn. Rest sendt retur

5 stk. = stikprøve, analyseret med følgende resultat:

5 stk. *Alnus sp.*, or, fra grene < 2 cm.

C-14-prøve: 3 stk. *Korn*

C-14-prøverne er sendt til BETA.

Fakturaunderlag sendes til Tryggve Csisar.

Med venlig hilsen

Thomas Seip Bartholin

Am Haidberg 18

D 21 465 Wentorf

Thomas.Bartholin@gmx.de

BetaCal 3.21

Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years

(highest probability ranges: INTCAL13)

(Variables: $\delta^{13}\text{C} = -26.8$ o/oo)

Laboratory number **Beta-513576**


Conventional radiocarbon age **2430 \pm 30 BP**

95.4% probability

(69.2%)	590 - 405 cal BC	(2539 - 2354 cal BP)
(19.6%)	750 - 683 cal BC	(2699 - 2632 cal BP)
(6.6%)	668 - 639 cal BC	(2617 - 2588 cal BP)

68.2% probability

(61.5%)	541 - 414 cal BC	(2490 - 2363 cal BP)
(3.7%)	704 - 695 cal BC	(2653 - 2644 cal BP)
(3%)	727 - 719 cal BC	(2676 - 2668 cal BP)



Database used
INTCAL13

References

References to Probability Method

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. *Radiocarbon*, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL13

Reimer, et al., 2013, *Radiocarbon*55(4).

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com

Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years

(highest probability ranges: INTCAL13)

(Variables: $\delta^{13}\text{C} = -24.7$ o/oo)

Laboratory number **Beta-513577**


Conventional radiocarbon age **2480 \pm 30 BP**

95.4% probability

(94.9%)	774 - 482 cal BC	(2723 - 2431 cal BP)
(0.5%)	441 - 434 cal BC	(2390 - 2383 cal BP)

68.2% probability

(47.9%)	671 - 542 cal BC	(2620 - 2491 cal BP)
(11.1%)	756 - 728 cal BC	(2705 - 2677 cal BP)
(5.6%)	694 - 679 cal BC	(2643 - 2628 cal BP)
(3.6%)	717 - 706 cal BC	(2666 - 2655 cal BP)



Database used
INTCAL13

References

References to Probability Method

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. *Radiocarbon*, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL13

Reimer, et.al., 2013, *Radiocarbon*55(4).

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com

Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years

(High Probability Density Range Method (HPD): INTCAL13)

(Variables: $\delta^{13}\text{C} = -25.0$ o/oo)

Laboratory number **Beta-513578**


Conventional radiocarbon age **3010 \pm 30 BP**

95.4% probability

(78.9%)	1310 - 1157 cal BC	(3259 - 3106 cal BP)
(12.2%)	1386 - 1340 cal BC	(3335 - 3289 cal BP)
(4.4%)	1147 - 1128 cal BC	(3096 - 3077 cal BP)

68.2% probability

(64.6%)	1295 - 1209 cal BC	(3244 - 3158 cal BP)
(3.6%)	1369 - 1361 cal BC	(3318 - 3310 cal BP)



Database used

INTCAL13

References

References to Probability Method

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. *Radiocarbon*, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL13

Reimer, et.al., 2013, *Radiocarbon*55(4).

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com